



Årsmøteprotokoll frå Hareid sokn

Årsmøtet vart halden på kyrkjelydshuset søndag 14. juni 2020, rett etter gudstenesta i Hareid kyrkje. Årsmøtet var utsatt frå 28. mars (saman med vårmesse), grunna koronasituasjonen. Maksimumsgrensa var 50 personar og 1 meters avstand-regel. Det møtte 25 personar.

Årsmøtet var eit forkorta møte lagt i etterkant av misjons søndag som misjonsutvalet hadde ansvaret for. Det var sal av «matpakkar», kaffi og loddosal til inntekt for kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, og loddbok-trekninga vart streama på Facebook-sida til Hareid kyrkje. Etter dette starta årsmøtet til soknet, og varte om lag 45 minuttar.

Soknerådsleiar og kyrkjevevja presenterte årsmeldinga, rekneskap og budsjett. Allsong og kantor på klaver. Soknepresten fekk ordet tilslutt og fortalte om sitt første år som prest på Hareid, før det vart avslutta med velsigninga.

Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

- 1 **Konstituering av årsmøtet**
- 2 **Årsmelding for Hareid sokn**
- 3 **Førebels rekneskap 2019**
- 4 **Budsjett 2020**
- 5 **Avslutningsord frå soknepresten**

1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonsert på nettsida, Kyrkjesida i lokalavisa og sosiale media i forkant av møtet. Årsmeldinga har vore tilgjengelige i kyrkja, på kyrkjekontoret og på nettsidene til Hareid sokn siden den var godkjent i høve bispevisitas februar 2020.

Vedtak:

Ann Helen Grimstad Worren, leiar i soknerådet, vart vald til ordstyrar.

Bente Andreassen Pilskog, kyrkjevevje, vart vald til referent.

Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Bård Grimstad og Jahn Kjell Fjørtoft vald.

2 Årsmelding 2019 for Hareid sokn

Årsmeldinga vart gjennomgått av soknerådsleiar og kyrkjevevja, og kyrkjevevja presenterte eit forenkla førebels rekneskap og budsjett.

Vedtak:

Årsmeldinga 2019 for Hareid sokn vart teken til vitande.

3 Førebels rekneskap 2019

Rekneskapen er ikkje gjort ferdig og revidert frå den kommunale rekneskapsfører. Førebels rekneskap vart forenkla presentert av kyrkjevevja. Kopi av rekneskap og budsjett vart lagt ved årsmeldinga.

Vedtak:

Førebels rekneskap 2019 vart teken til vitande.

4 Budsjett 2020

Budsjettet for 2020 vart forenkla presentert av kyrkjevevja. Kopi av budsjett vart lagt ved årsmeldinga.

Vedtak:

Budsjett 2020 vart teken til vitande.

5 Avslutningsord frå soknepresten

Sokneprest Lars Hartig-Tangedal fortalte litt om sitt første år som prest på Hareid. Avslutta med velsigninga.

Bente Andreassen Pilskog

referent

Bård Grimstad

Jahn Kjell Fjørtoft